



Saksbehandlar: Adrian Husabø Bjørseth, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 18/6221-1

## **Eigarstrategi for felles eigarskap mellom Nærings- og fiskeridepartementet og fylkeskommunane**

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget i Sogn og Fjordane godkjenner framlagt eigarstrategi som grunnlag for oppfølging av det administrative arbeidet med Innovasjon Norge.

### **Vedlegg:**

Eigarstrategi for Innovasjon Norge

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn**

Ny lov om Innovasjon Norge - IN (LOV-2016-06-17-72) har medført behov for justering av eigaravtalen mellom staten og fylkeskommunane. Som følgje av dette er det utarbeidd forslag til endringar i eigaravtalen.

I den justerte eigaravtalen står at eigarane skal utarbeide ein felles eigarstrategi:

*Ref. punkt: 1.1.1 Eigarane skal utarbeide ein felles eigarstrategi*

Den administrative eigargruppa for IN, som består av representantar frå Nærings- og fiskeridepartementet og fylkeskommunane, har arbeidd med ein felles eigarstrategi, jf. vedlegg.

Eigarstrategien skal regulere samarbeidsforholdet mellom staten og fylkeskommunane/regionane som eigarar. Strategien skal også vise satsingsområde og styrkingssignal som det er semje om, slik at eigarane i fellesskap kan drive eit aktivt og dynamisk eigarskap.

Eigarstrategien er enno ikkje formelt handsama i Nærings- og fiskeridepartementet. Handsaminga av strategien vil dermed skje parallelt/samtidig i fylkeskommunane og i departementet før den endelege handsaminga i eigarmøtet til Innovasjon Norge.

### **2. Konklusjon**

Sogn og Fjordane fylkeskommune godkjenner framlagte eigarstrategi som grunnlag for oppfølging av det administrative arbeidet med Innovasjon Norge.